

## FØREORD

Det er den sjuande årgangen av Hendt og hender i Tingvoll du har i hendene. I år tykkjer eg å ha lykkast med å skrive om ting som *hender* i dag, ikkje berre det som *har hendt*. Kongebesøket anno 2014 er noko som har hendt dette året, men som utruleg fort blir historie. Derfor tykte eg det måtte dokumenterast for ettertida. Det var t.d. vanskeleg å finne noko om besøket av Kong Haakon i 1931.

Skogdagen på Tingvoll museum var også noko som hendte i år, men som dokumenterer arbeidsmåtane som var brukt før.

Det er lite med småstoff i år, det er heller artiklar der det er gått meir grundig inn i stoffet. Såleis er historia om flyulykka i Straumsneset ei samling dokumentasjon både frå Nederland og herfrå.

Tor Erik Jenstad trør til med gamle dialektord i år også, og Doug Lawrence har velvillig laga illustrasjonar.

Ei artig sak er Ottar Roaldset si historie om songen «Kjære du», som vart innsendt til Grand Prix. Ukjent for mange, reknar eg med.

Artikkelen om utvandringa til Amerika er å sjå på som ei innleiing til fleire artiklar om samme tema.

Segna «Møtet paa Venaas» var nedskreve av den unge Olav Brakstad, og den fortener å bli gjort kjent. Takk til Lars Brakstad for teksten, og til Lars Brubæk som ordna med foto av forfattaren i siste stund!

God lesing!

Øydegard, oktober 2014

*Helge Husby*



*Kongebesøk 2014*